

## **Holmedal montessoriskule**

### **Årsmelding for 2009**

Holmedal montessoriskule har vore i vanleg drift heile kalenderåret. Tilsette har vore: Rektor fram til 31. juli: Kirsten Råheim, frå 1. august: Oddveig Lyngstad. Lærarar: Eirin Hegrenes (fram til 31. juli), Jens Helgheim (fram til 31. juli), Dagny Sagosen Haugsvær (frå 1. august), Olga Ask, Ann Mari Søreide, Lisbeth Fokker (frå 1. august), Ank de Jong (frå 1. august), Odin André Hestholm (musikk, deltid) og Henny Vågane (kunst og handverk, deltid). Assistentar: Henny Vågane og Torbjørg Aasen. Kontormedarbeidar: Tove Vadøy. Reinhaldar: Synnøve Krogenes. Magne Follevåg har hatt godtgjersle for noko vaktmeisterarbeid. I tillegg har Alice Eimhjellen og Karoline Skarstein arbeidd på SFO (skuleåret 2009/10) og fleire vikarar arbeidd ved skulen i kortare og lengre tidsrom.

Dagny Sagosen Haugsvær og Ank de Jong har som nye lærarar blitt tildelt stipend til montessoriutdanning mot bindingstid ved skulen. Styret har også vedteke å støtte opp om rektorutdanning for Oddveig økonomisk med betaling av reiser og vikar.

Styret har vore: Gaute Losnegård (leiar), Nina Rivedal, Jørgen Wiik, Kjetil Skrede (foreldrerepresentant) og Torill Olset (foreldrerepresentant). Vara: Oddveig Lyngstad og Beate Bjørkevoll. Representant for pedagogisk personale i styret har vore Eirin Hegrenes, frå august Ank de Jong. Representant for anna personale: Tove Vadøy. Valnemnd: Jostein Grane og Monica Kjørvik. Styret har hatt 8 møte i løpet av året. Holmedal montessoriforeining var representert ved Norsk Montessoriforbund sitt landsmøte i Målselv med Gaute Losnegård og Kari Ness.

Elevtalet var 36 ved årsskiftet 2008/09. Om hausten gjekk det ut 3 elevar mens det tok til 6 førsteklassingar, og det kom også til nokre nye elevar i eldre aldersgrupper. Hausten 2009 auka elevtalet såleis til 42. Skulen har vore delt i to slik at 1.-3. klasse utgjorde gruppe 1 og 4.-7. klasse i gruppe 2. Skulen starta ei SFO-ordning nokre ettermiddagar i veka frå hausten 2009 etter ønskje frå nokre foreldre.

Styret har oppretta lovpliktig bedriftshelseteneste for dei tilsette frå 1. januar 2010. Styret har elles vedteke å greie ut pensjonsordning for dei tilsette i Statens Pensjonskasse. Denne blir sett i samanheng med forhandlingar om pensjon i det offentlege til våren, og er såleis enno ikkje avslutta.

Av større investeringar i bygget som har blitt utført kan nemnast sliping og lakking av golv i gymsal og ferdiggjering av formingssal. Det er også starta opp ombygging av lagerrom til garderobe i 1. etasje. Utskifting av nokre gamle vindauge er planlagt, men ikkje gjennomført endå. På gamleskulen har det kome ein taklekkasje som er mellombels tetta. Det er elles laga ein oversikt over utvendig vedlikehaldsbehov ved bygget som treng oppfølging i nær framtid.

Lærarane var i mars på inspirasjonstur til Oslo Montessoriskule. Dei nye lærarane som tok til i haust fekk kvar sine egne datamaskiner før jul. Det er elles investert ein del i oppgradering av server og datautstyr ved skulen. Styret vil rette ein stor takk til Jan Audun Rivedal for alt dugnadsarbeidet han har utført i samband med dette.

Skulen var før sommarferien på skuletur til Selje og Stadlandet. Vi var på utflukt til Selje kloster og overnatta ei natt i Hoddevika, der vi hadde surfeinstruksjon. 5. desember blei det stelt til julemarknad i regi av skulen. Elevane hadde laga mykje fint som vart selt på denne marknaden, som var godt besøkt. Skulen har elles drive informasjon gjennom sine egne heimesider på domenet [www.holmedalmontessoriskule.no](http://www.holmedalmontessoriskule.no)

For styret ved Holmedal montessoriskule

Gaute Losnegård, leiar